



LINDAS KOMMUNE	
Klassering	
19. 06. 2015	
Ark. saksnr	Løpernr
Saksh.	Tilgangskode

Kommunar og fylkeskommunar

Dykkar ref

Vår ref
15/2427

Dato
15.06.2015

Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Kulturdepartementet syner til rundskriv V-0981-N *Orientering om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet til fordeling i 2016*. Vedlagt følger ett eksemplar av "Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2015" (V-0732 N), heretter kalla føresegnene. Punkta under refererer til punkt i føresegnene.

Føresegnene gjeld for søknader om tilskot og tildelingar i 2016.

Dei viktigaste endringane frå tidlegare føresegner er som følger:

- I tråd med endring i lov om pengespill m.v. (pengespilloven) av 28. august 1992 nr. 103 med seinare endringar, er den nye lovteksten teken med i føresegnene, jf. pkt. 1.2. Endringa gjeld fyrst og fremst prosentandel som vert fordelt til idrettsføremål; ein prosentandel som vert auka frå 56 % til 64 %.
- Det vert opna for overføring av drift av idrettsanlegg til private, fortenebaserte aktørar, jf. pkt. 2.3.3. Ei slik overføring krev ikkje førehandssamtykke frå departementet. Det er ein føresetnad at anleggseigar skal disponere over bruk av anlegget for idrett og fysisk aktivitet.
 - Med drift meiner ein her alle oppgåver og rutiner som er naudsynte for at idrettsanlegget skal fungere som planlagt både funksjonelt, teknisk og økonomisk.
 - Med privat, fortenebasert aktør meiner ein her aktør som ikkje sjølv kan søke om spelemidlar, jf. pkt. 2.2.1.
 - Med bruk meiner ein her idrett og fysisk aktivitet som kan utøvast i idrettsanlegget.

- Under pkt. 2.6.5 *Fastsette søknadssummar for ein del typar ordinære idrettsanlegg*, er det gjort endringar under anleggskategorien *Kunstgras for fotball, medrekna lysanlegg*.
 - Det er opna for spelemidlar til 9-ar-bane på 50 x 70 meter og 7-ar-bane på 30 x 50 meter.
 - Minste bane for organisert aktivitet som det normalt vert gitt tilskot til, er dermed redusert frå 40 x 60 meter til 30 x 50 meter.
- Det vert bygd stadig større idrettshallar, og departementet ser det som føremålstenleg at òg større idrettshallar er nemnde slik at desse ikkje treng ei særskilt vurdering av departementet, jf. pkt. 2.6 under anleggskategorien *Idrettshallar*. Det er i denne kategorien teke med både dobbelthallar og trippelhallar.
- I lista over anleggstypar/element med rett til tilskot innanfor nærmiljøanleggordninga, er trimparkar inkluderte, jf. pkt. 3.9.
- Det er gjort endringar som gjeld anlegg for friluftsliv i fjellet og ved kysten, jf. kap. 4.
 - Det er opna for at det òg kan søkast om tilskot til overnattingshytter i låglandet.
 - Søkarar kan vere samanslutningar organiserte under Friluftsrådene Landsforbund, samt Oslofjordens Friluftsråd, og Norsk Friluftsliv (gjeld samanslutningar som er organiserte under Norsk Friluftsliv per 15. juni 2015 for søknad om spelemidlar i 2016), jf. pkt. 4.2.
 - Ein kan søke om tilskot til investeringar i overnattingshytter i låglandet som ligg i tilknytning til løypenett med andre overnattingsplassar, jf. pkt. 4.4. Det kan òg søkast om tilskot til ombygging, utviding og rehabilitering. Det kan ikkje søkast om tilskot til vedlikehald og drift. Det kan heller ikkje søkast om tilskot til tileigning av grunn. Hyttene må vere opne for ålmenta, og tiltaket må vere sett i gang etter 1. januar 2015.
 - Etter at det er opna for å kunne søke om tilskot til overnattingshytter i låglandet, har kap. 4 i føresegnene fått tittelen *Føresegner for løypetiltak i fjellet og overnattingshytter i fjellet, ved kysten og i låglandet*.
 - Når det gjeld søknader om tilskot til løypetiltak og overnattingshytter i fjellet, har òg fjellstyrene (jf. fjellova) fått rett til å søke om denne type tilskot, jf. pkt. 4.2.

Ytterlegare eksemplar av føresegnene

Kommunar og fylkeskommunar kan bestille fleire papirversjonar av føresegnene på følgande måtar:


1. Bestilling via e-post
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
2. Elektronisk bestillingsløysing
Nettside: www.publikasjoner.dep.no
3. Bestilling via post
Adresse: Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon
Fellestjenesteavdelingen
Postboks 8129 Dep, 0032 Oslo


Føresegnene kan òg lastast ned via www.idrettsanlegg.no, under *Publikasjoner fra Idrettsavdelingen*.

Informasjon om fristar for oppdatering av idrettsanleggsregisteret i 2016

Departementet sitt register for idrettsanlegg og spelemidelsøknader (<http://kkd-idrettsanlegg.no>) er grunnleggjande for at søknadsordninga skal fungere etter føresetnadene. Anleggsregisteret må derfor haldast oppdatert. Kommunane har frist til 15. februar 2016 for oppdatering av registeret og rapportering til fylkeskommunen (tidlegare har denne fristen vore i september). Fristen for fylkeskommunane for rapportering til departementet, er 15. mars 2016.

Med helsing


Marit Wiig (e.f.)
ekspedisjonssjef


Ole Fredriksen
avdelingsdirektør

Kopi:
Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité
Samenes Idrettsforbund-Norge/Sámiid Valáštállan Lihttu-Norga
Samisk Reinkappkjørerforbund/Sámi Heargevuodjin-lihttu
Norges Jeger- og Fiskerforbund
Den Norske Turistforening
Norges Bilsportforbund
Det Frivillige Skyttervesen
Norsk Friluftsliv
Friluftsrådene Landsforbund
Oslofjordens Friluftsråd
Norges Fjellstyresamband
Kommunerevisjonane